

Landbrukets syn på tiltaksanalyse for Frøylandsvatnet

Av Joar Oltedal.

Joar Oltedal er avdelingssjef ved fylkeslandbrukskontoret i Rogaland.

*Innlegg på seminar på Bryne
24. november 1992.*

Landbruket vil i sitt arbeid med vidare reduksjon av ureininga i Frøylandsvatnet — mellom anna på bakgrunn av den framlagde tiltaksanalysen leggja fylgjande fire prinsipp til grunn:

1. For det første har vi med biologiske prosessar å gjera. Dette er prosessar som må ta tid. Dette er for så vidt dokumentert i rapporten.

Det vil ut frå dette vera lite klokt å setja i verk drastiske tiltak før dei tiltaka vi har i gang har fått tid til å verka. For meg er det vanskeleg å akseptera utsegner om at tilførslane til vatnet frå nedslagsfeltet er mindre enn før, men ureininga like ille. Slike utsegner er i alle høve ikkje positive som motiveeringsbodskap.

2. For det andre legg eg til grunn for vårt arbeid at vi framleis skal ha eit aktivt landbruk i det aktuelle området. Dermed vil vi t.d. kunna ta vare på og videreutvikla det kulturlandskapet vi i dag har i området. Det er landbruket som i dag gir dette området sin karakter.

Dette betyr at eg ikkje finn nokon grunn til å gå inn på og kommentera dei tiltaka i tiltaksanalysen der ein legg opp til ei vesentleg nedbygging av jordbru-

ket i området. Eg tenker her på tiltak som skogsplanting i stor stil, halvering av husdyrtalet, og auka krav til spreingsareal pr. gjødseldyreeining. Desse er som det går fram av analysen dyre og har liten kostnadseffektivitet. Slike tiltak er såleis lite realistiske som tiltak i dette nedslagsfeltet.

Heller ikkje her bør vi slå ut barnet med badevatnet.

3. I dette arbeidet må vi for å koma vidare få medspelarar og ikkje motspe-
larar blant næringsutøvarane. Så høge mål som vi nå set oss i miljøarbeidet må vi ha ein kontrollør på kvar gard. Dette kan det offentlege ikkje betala. Det må vera bonden som er kontrollør.

4. Det som er viktig og positivt i denne tiltaksanalysen er at ein ser ureininga frå landbruket og anna ureining i samanheng. Det er overlag viktig at det i tillegg til innsatsen i landbruket vert gjort tiltak både i innsjøen og på kommunal sektor for å redusera ureininga til Frøylandsvatnet.

La gå at ein del av dette betyr mindre enn arealavrenning og punktutslepp. Det er likevel viktig at landbruket ser at og andre grupper må gjera sitt for å få fram dugnadsinnstillinga som vi er kjende for på Jæren.

**Så til dei konkrete tiltaka i tiltaks-
analysen.**

Ambisjonsnivå

Landbruket er her eintydig på at målet må vera å nå badevatnskvalitet. Det er i analysen gitt ein oversikt over ein del aktuelle tiltak for å nå dette målet. Vi vil arbeida mot ein modifisert 2A tiltakspakke. Dei ulike tiltaka vil bli gjennomført innan 1.1.1997, og vi vil utarbeida ein konkret tempoplan for framdrifta av det enkelte tiltaket.

A. Sanering av punktkjelder

Dette arbeidet har pågått sidan 1980. Det er gjennomført ei registrering av den tekniske standarden på gjødsel-lager og siloanlegg på gardane i nedslagsfeltet for Frøylandsvatnet. Det er berre eit svært lite mindretal som ikkje har lageret sitt i orden — manglar kapasitet eller har lekkasje.

Dei feila vi oftast påpeikar er manglar knytta til drenering eller manglande inspeksjonsmulighet.

Oppfølginga her er brev til brukarane med tilbod om planlegging og ei orientering om finansieringsordningane. Dersom dette ikkje vert fulgt opp av brukarane vil sakene bli oversende til Miljøvernavingdelinga for vidare oppfølging.

Vi merkar i dag blandt bøndene eit aukande engasjement mot dei yrkesbrøerne som ikkje gjer sin del av miljøjobben. Det er på ingen måte rart at bønder som gjerne har investert kr. 300.000,— i eit gjødsellager for å feia for eiga dør forlangar at andre og feiar for si.

Tiltaket bør vera avslutta i god tid før 1.1.1997.

B. Avrenning frå veksthus

Dette er eit arbeid vi er godt i gang med. Det vil kunna avsluttast før 1.1.1997.

Vi har gått gjennom grunnlagsmate-

rialet for dette tiltaket og vil merka at berre halvparten av veksthusarealet i nedslagsfeltet er tomat. Den andre halvta er blomster.

Vanleg gjødsling til tomat er 1000 kg «supra» og 650 kg «kalksalpeter» pr. da. Med 3,4% P i supra betyr dette at det vert tilført 34 kg P pr. dekar. Av dette renn 25% bort.

Dette betyr eit netto tap på 9 kg X 7 dekar = 63 kg P — ikkje 200 som det står i rapporten.

Truleg er avrenninga ennå mindre fordi gjødslinga til blomster er mindre enn til tomat.

C. 50% redusert husdyrgjødselmengd

Dette er ikkje eit konkret tiltak, men eit resultat av omlegginga av landbrukspolitikken. Overgang til meir produksjonsnøytrale tilskot vil redusera intensiteten i planteproduksjonen.

Dette fører til svakare gjødsling og mindre avrenning. I same retning verkar lågare mjølkekvotar og føresegnene om spreingsareal. Desse vil tre i kraft frå 1.1.1994 for bruk med over 20 gjødseldyreiningar og frå 1.1.1996 for bruk med under 20 gjødseldyreiningar.

D. Arealrestriksjonar

Det er her gjort framlegg om at det ikkje bør spreia husdyrgjødsel langs vatn og bekker. Det er på desse areala — om lag 1000 dekar av nedslagsfeltet — avrenningsfaren er størst.

Dette tiltaket er av ein slik karakter at vi i stor grad må byggja på informasjon og positiv medverknad frå bøndene. Vi trur at vi med ein slik innfallsvinkel vil nå det målet som er sett i rapporten.

Lettast vil det vera å få aksept for dette ved å gå inn for å bruka husdyrgjødsel på resten av eigeidomen. Hugs at husdyrgjødsel er pengar for bonden.

Vi reknar med at vi for å oppnå god effekt av dette tiltaket må setja inn ekstra arbeidsinnsats/motivering slik at det vert mogleg å få drøfta slike tilpassingar med den enkelte bonde ut frå tilhøva på det enkelte bruk. Areala som ein ikkje skal nytta husdyrgjødsel på, må kartfestast. Kanskje kan vi med ei slik kartfesting få aksept for eit høgare areal/kulturlandskapstillegg på dei bruka som er villige til å gå inn på slike avtalar. Dette vil vera analogt til den stimulansen som vert lagt inn for å få redusert haustpløying t.d. i Halden-vassdraget.

E. Endra spreietidspunkt

Det er etter det som går fram av grunnlagsmaterialet særst lite husdyrgjødsel som i dette området blir spreidd etter andre slåtten.

Dei bruka som spreier slik gjødsel etter andre slåtten er redusert fra 14% i 1988 til 0,3% i 1991.

Det er såleis lite ekstra å henta i redusert P tilførsel til Frøylandsvatnet, på dette tiltaket.

F. Auka satsing på små renseparker

Dette tiltaket er i tiltaksanalysen med i innsjøinterne tiltak. Vi ser i landbruket eit betydeleg potensiale i dette tiltaket.

Medan vi fram til i dag har vore opp-tekne av å hindra næring i å koma ut i vassdraget er dette prinsipielt nytt. Her vil ein ta ut plantenæringsstoff frå vatnet.

Skal vi få dette til må det byggjast mange mindre renseparker oppstrøms i vassdraget. Dette er viktig slik at fisken

framleis kan gå fritt i vassdraget. Prinsippet må vera at vi byggjer ein liten rensepark på kvar gard der grøftevatnet og overflatevatnet kjem ut i vassdraget.

Det er framleis mange uløyste spørsmål knytta til denne typen anlegg. Korleis skal dei byggjast? Kva med vedlikehald? Kor stor effekt vil dei ha og korleis vil effekten utvikla seg over tid?

For å finna svar på desse spørsmåla vil det vera nødvendig å setja inn ekstra arbeidskraft. Fylkeslandbrukskontoret har difor alt søkt om midlar frå STIL, til dette arbeidet, som i tillegg til å vera eit viktig tiltak for reduisering av P tilførselene til Frøylandsvatnet, og vil vera eit viktig utviklingsarbeid av sjølve metoden.

Avslutning

I landbruket legg vi til grunn at entusiastisk oppfølging av tiltakspakke 2A i tiltaksrapporten, frå alle aktørar i dette arbeidet, både på land og i innsjøen vil gi bra badevatn i Frøylandsvatnet. Dei som ser aller mest fram til ein slik situasjon er dei som driv si næring i dette nedslagsfeltet og bur og lever her.

I jordbruket har vi i miljøarbeidet så langt berre sett vegen. Målet har ikkje vore definert. Tiltaksanalysen for Frøylandsvatnet og behandlinga av denne i politiske fora vil vonaleg leggja fast eit mål for dette arbeidet. Det er første gongen vi har sett konturane av eit slikt mål. Dette vil vera ein flott inspirasjon, og kjenner eg jærbuen sitt lynne og innstilling rett, er eg viss på at jordbruket vil gjera sitt aller ytterste for å nå målet i rett tid.